



Fag forbundet på Hjeltnes  
v/ leiar Jan-Ludvig Jordal  
Hjeltnes vidaregåande skule  
5730 ULVIK

Dato: 23.01.2014  
Dykkar ref.:  
Vår ref.: 2014/931-1

## Svar på førespurnad frå Fag forbundet på Hjeltnes

Viser til brev av 9. januar d.å. levert prosjektgruppa ved Mulighetsstudiet på møte på Hjeltnes same dag. Saka vert handsama under 'eventuelt' på møtet.

### Mulighetstudiet

Bakgrunnen for Mulighetsstudiet er at fylkestinget som en del av skulebruksplanen ynskja å legge deler av Hjeltnes inn under Voss vidaregåande skule, i staden vart det vedteke at .... «*Hjeltnes vgs vert vert oppretthalden som eiga eining til 2016, jfr. punkt 6c. HFK set i gang eit prosjekt/ mogelegheitsstudie med føremål å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig aktivitet på Hjeltnes vgs, og tek kontakt med Ulvik herad og dei ulike næringslivsorganisasjonane for samarbeid.*» Den økonomiske situasjonen til Hjeltnes vidaregåande skule er därleg og skuleplassane her er omtrent dobbelt så dyre som andre plassar i fylke. Dette til tross har Fylkestinget gitt Hjeltnes og Ulvik mogligheta til å snu denne situasjonen gjennom Mulighetsstudiet.

Styringsgruppa for Mulighetsstudiet er oppnemnt av fylkesrådmannen og er samansett av: Regionaldirektør Bård Sandal, Opplæringsdirektør Svein L. Heggheim og Organisasjonsdirektør Ingrid Kristine Holm Svendsen. Styringsgruppa har igjen oppretta ei prosjektgruppa med rektor frå Hjeltnes vidaregåande skule, ein lokal tillitsvalt frå Hjeltnes vidaregåande skule, Ulvik herad, Hardangerrådet, opplæringsavdeling i Hordaland fylkeskommune og prosjektleiar frå næringsseksjonen i Hordaland fylkeskommune. Prosjektgruppa sitt mandat er å utarbeide forslag til vidare økonomisk berekraftig drift av Hjeltnes vidaregåande skule.

### Når vert saka vurdert på nytt

Våren 2015 skal saka opp til politisk behandling. Fylkestinget skal avgjere framtida til Hjeltnes vidaregåande skule. Det er avgjerande for Hjeltnes si framtid at vi lukkes med Mulighetsstudiet. Viss me ikkje lukkas vil Hjeltnes bli lagt ned og Ulvik vil mista viktige arbeidsplassar.

### Spørsmål frå Fag forbundet

Fag forbundet har spørsmål knytt til drift av gartneriet. Prosjektgruppa har full tillit til rektor sine vurderingar på dette området. Hjeltnes er ein opplæringsinstitusjon. All drift på Hjeltnes skal være knytt til opplæring og ikkje kommersiell drift.  
Fag forbundet spør vidare om korleis har deira forslag til vidare drift av skulen blitt handtert?  
Alle idear som har kome inn i idémyldringsfasen er samla i en idébank. Desse ideane er sortert etter tema og bearbeida av prosjektleiar og rektor ved Hjeltnes vidaregåande skule. På

prosjektgruppemøte 9. januar bestemte prosjektgrupa i fellesskap kva for tema vi skal undersøke vidare. Her kan de finne meir informasjon i vedlagt referat frå prosjektgruppemøte 9.januar. Nå skal medlemmene i prosjektgruppa jobbe vidare med nokre tema kvar og søke råd hos fagfolk. Det er ikkje skulen aleine, men prosjektgruppa og styringsgruppa som foreslå vidare retning for Hjeltnes. Avgjerd vert teke i samråd med fagkompetanse.

**Kva må til for å lukkas?**

For å lukkas må alle gode krefter dra saman. Vi må hjelpe og støtte kvarandre, ikkje mistenkeliggjere kvarande og jobbe mot kvarandre. Prosjektgruppa og alle andre som er tilknyttt Mulighetsstudiet jobbar hardt for at Hjeltnes skal bestå også i 2016. Me håper at Fagforbundet kan jobbe med i oss i denne saka. Kom gjerne med innspel, men det er og viktig med ro slik at prosjektgruppa får tid til å grei ut kva som blir vegen vidare og kva grep som må gjerast komme dit. Har de spørsmål eller konstruktive innspel ta gjerne kontakt med meg.

På vegne av prosjektgruppa

Heidi Bjønnes Larsen  
Prosjektleiar for Mulighetsstudiet på Hjeltnes

Kopi: Styringsgruppa og Prosjektgruppa

Vedlegg: Referat frå prosjektmøte 09.01.14

 <b>MOGLEGHEITSSTUDIE VED HJELTNES VGS</b>	
<p><b>Referat frå møte i prosjektgruppa for moglegheitsstudien ved Hjeltnes VGS 09.01.2014.</b>  <b>Kl.: 11.00 – 15.00</b>  <b>Stad: Hjeltnes vidaregåande skule</b></p> <p><b>Dagsorden:</b></p> <p><b>1/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden</b>  <b>2/14 Godkjenning av referat frå møte i prosjektgruppa</b>  <b>3/14 Orientering om Holmen og eventuelle vedtak</b>  <b>4/14 Gjennomgang av idear frå idemyldringa. Prioritera vidare tiltak. Diskutera innhaldet i ein førespurnad til AUD</b>  <b>5/14 Gjennomgang av arbeidet med Agrogastronomistudie</b>  <b>6/14 Vegen vidare</b>  <b>7/14 Eventuelt</b></p> <p><b>Referent:</b>  Heidi Bjønnes Larsen</p>	<p><b>Til stades:</b>  Gunnbjørg Øyre  Kåre Olai Solheim  Hans Petter Thorbjørnsen  Annbjørg Laupsa  Heidi Bjønnes Larsen  Leiv A. Vambheim  Rolf Tore Djønne</p> <p><b>Ikkje til stades:</b></p>

#### **1/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Innkalling og dagsorden ble godkjent. Kåre Olai informerte om at han hadde et punkt til eventuelt. Thorbjørnsen ynskte om at neste innkalling også ble sendt på e-post. Møte var i utgangspunktet satt til to timer, det viste seg å vere altfor lite og Vambheim måtte forlate møte grunna ny avtale. I framtida skal prosjektleiar kalle inn til lengre møter.

#### **2/14 Godkjenning av referat frå møte i prosjektgruppa**

Referat frå førre møte (12.11.13) blei godkjent. Gunnbjørg hadde ei retting til siste punkt i sak 10/13. Setninga skal være uten ‘Øystese’.

#### **3/14 Orientering om Holmen og eventuelle vedtak**

Etter oppmoding frå Gunnbjørg Øyre hadde styringsgruppa diskutert situasjonen på Holmen og avklara kva for midlar som er knytt til dette prosjektet. Prosjektgruppa blei orientert av Bård Sandal, over telefon, om resultata frå diskusjonen deira. Det er satt av 20 millionar kroner på investeringsbudsjettet til Hordaland fylkeskommune. Midlane er i dag knytt til eit konkret prosjekt, men fylkesrådmannen kan søke fylkestinget om omdisponering av midlane viss det viser seg gjennom Muligheitsstudiet at dette er nødvendig. Kåre Nikolai spør om riving må vente til 15/16? Sandal svarer at riving kan finansierast gjennom desse midlane.

Det kostar omrent en million å ta ned bygget. Viss ein kjem fram til at ein ikkje skal bygge i år, må det likevel rivast og da må anbuddet delast.

#### **4/14 Gjennomgang av idear frå idemyldringa. Prioritera vidare tiltak. Diskutera innhaldet i ein førespurnad til AUD**

Hjeltnes treng vidaregåande utdanning. Vidaregåande utdanning er grunnpilaren for all anna verksemد ved skolen. Både fagskole, vaksenopplæring og kurs er tufta på den vidaregåande utdanninga. Anleggsgartnar og blomsterdekoratør er viktig for Hjeltnes.

Følgjande tema må gjennomgåast og greiast ut nærmare i forhold til kva som er bra for Hjeltnes. Dei som har ansvar for å greie ut dei ulike alternative skal og vurdere korleis Holmen passer inn i alternativet. Alle rapporterer tilbake til prosjektgruppa. Førespurnad til AUD må lagast når ein har litt meir innsikt i dei ulike alternativa. Dei ideane vi skal jobbe vidare med i denne omgang er:

Tema	Ansvarlege
Videregåanede utdanning på Hjeltnes	Annbjørg Laupsa og Gunnbjørg Øyre
Vaksenopplæring på Hjeltnes	Annbjørg Laupsa og Gunnbjørg Øyre
Hjeltnes som reisemål	Ulvik herad/ Heidi Bjønnes Larsen
Agrogastronomistudiet fagskole	Håkon Gjerde, Andrid Solaas Innset og Heidi Bjønnes Larsen
Hjeltnes og tilpassa opplæring	Annbjørg Laupsa og Gunnbjørg Øyre
Frukt og bær på Hjeltnes	Rolf Tore Djønne og Heidi Bjønnes Larsen
Hagedesign fagskole	Hjeltnes
Skogbruk utdanning	Rolf Tore Djønne og Heidi Bjønnes Larsen

Kåre Nikolai la fram NHO sin ide om ‘en tredje vei’ som en mulighet for Hjeltnes. Om ‘den tredje vei’ er noko som blir satsa på frå Regjeringas side står att å sjå. I så fall går dette forslaget inn under Hjeltnes og tilpassa opplæring.

#### 5/14 Gjennomgang av arbeidet med Agrogastronomistudie

Det blei lite tid til å gå gjennom dette på møtet. Det vil bli levert søknad til fagskolestyret om godkjenning til å gå i gang med å utvikle søknad til NOKUT for å få godkjent Agrogastronomistudiet som fagskoleutdanning. Håkon Gjerde, Andrine og Heidi Bjønnes Larsen kjem til å jobbe vidare med søknaden saman med Pål Drønen (representant frå Slowfood Hardanger).

#### 6/14 Vegen vidare

Dei ansvarlege for dei ulike alternativa skal søke råd frå fagfolk og ha arbeidsmøter underveis. Dei rapporter til prosjektgruppa om framdrifta i sine prosjekt neste prosjektgruppemøte.

#### 7/14 Eventuelt

Kåre Olai overrekte brev frå Fagforbundet på Hjeltnes til prosjektgruppa. Fagforbundet hadde en del spørsmål angåande Mulighetsstudiet på Hjeltnes og andre spørsmål angåande drifta på skolen. Gruppa var einige om at prosjektleiar skulle svare på vegne av prosjektgruppa. Skriv frå Fagforbundet på Hjeltnes var ikkje underskreve med namn. Lokal tillitsvald for Fagforbundet er Jan Ludvig Jordal.

Neste møte blir 27.februar.